

Når kjem ho att?

11.01.2013



I dag skriv vi 11. januar og sola gjer ein visitt både her og der. Mange spør når ho eigentleg kjem att, men noko eintydig svar er det ikkje mogeleg å gje fordi det varierar avhengig av kor ein bur i bygda. Øverst i dalen er ho til dømes ikkje borte i det heiletatt. I sentrum kan det slåast fast er at ho kjem på Flatholm klokka 13.15 og på Neset klokka 13.30 22.januar.

Før det skjer får vi nytta dei visittane ho gjer andre stader, til dømes på Skorpo (over) og einskilde stader ovanfor Halsabrotet (under)

Foto: Ola Matti Mathisen

